



ÅRSMELDING 2023/2024

STYRET

- Katrine Fjellestad Aske – leiar
- Trude Elin Eimhjellen - nestleiar
- Astrid Myren - sekretær
- Elin Leikanger – kasserar
- Helge Aske – styremedlem
- Frode Øyen - styremedlem
- Ole Fosse Fardal og Siri Nesbakk – varamedlemmar

MØTER

Vi har hatt 6 møter (3 av dei på Teams) og behandla 48 saker i år. I tillegg har vi handtert saker pr. epost, facebook og telefon.

REPRESENTASJON (dei viktigaste)

Katrine har representert MNT i Ålfotbreen landskapsvern og Naustdal og Gjengedal landskapsvern.

MNT har vore representert på årsmøte (6 deltakarar frå MNT), haustmøte mm i regi DNT Sogn og Fjordane

Diverse møter med Gloppen Kommune

SAMARBEID

Eit godt samarbeid gjev resultat. Vi samarbeider sjølvsagt med DNT Sogn og Fjordane, og DNT sentralt.

Andre samarbeidspartar er Landskapsvernet som vi både merkar og utbetrar stiar ilag med, i tillegg til at vi får støtte for utført arbeid i vernet. Vi har og innverknad på kva tiltak som blir utført.

Kommunane hjelper oss med grunneigaravtaler, samarbeid om skilting og merking mm. Eid Ungdomsskule med Opptur.

Trivselsskogen er eit stort frilufsprosjekt til glede for mange

MEMLEMMAR

Utvikling av tal medlemmar dei siste åra:

Dato	Totalt
01.07.2006	350
05.09.2007	345
13.10.2008	459
05.08.2009	493
12.10.2010	585
19.10.2011	622
15.10.2012	609
30.10.2013	600
01.11.2014	634
25.10.2015	700
01.11.2016	840
01.11.2017	935
01.11.2018	1020
01.11.2019	1080
01.11.2020	1011
01.11.2021	1027
01.11.2022	1006
01.11.2023	988
01.11.2024	992

TURAR/AKTIVITETAR

Vi har hatt ulike vanskelegheitsgrad og type arrangement dette året og. Vi har hatt både korte og lengre turar, med og utan mat, i helg og midtveke, og vi har hatt tur på breen.

I 2024 har Irene Margrete Lunde teke turleiarkurs for nærturar.

Helgaturar:	Antal	Turleiar
Vora	18 stk	Irene Margrete Lunde
Haugabreen	11 stk	Steffen Sandene og Dag Apalseth
Hallehornet	16 stk	Frode Øyen og Irene Margrethe Lunde

Troda og Gjegnen blei avlyst

T-TUR

Turar for unge og vaksne. Vi har 10 turar på Eid, og 10 i Gloppen. Turane ligg på app'en til DNT: Ut.no. Vi har og T-tur for alle i Gloppen, tilrettelagt for dei med utfordringar.

Det er ikkje mange som har fullført alle postane. Vi trur/høyrer der er fleire som går turar utan å registrere seg, og at trafikken aukar på turpostane.

Premie til medlemmar som har gått 8 turar, eller meir er fyrstehjelpsveske.

T-tur Eid 2024

[Informasjon](#) [Bilder](#) [Kart](#) [SjekkUT-statistikk](#)

[Publisert endringer](#)

[↓ Avpublisert](#)

Tallenes tale

Følgere
57

Totalt antall
besøk
1038

Totalt
antall
unike
besøk
185

Antall
som
har
fullført
lista
12

Lister > T-tur Gloppen 2024 - unge og vaksne

[Se listen på UT.no](#)

T-tur Gloppen 2024 - unge og vaksne

[Informasjon](#) [Bilder](#) [Kart](#) [SjekkUT-statistikk](#)

[Publisert endringer](#)

[↓ Avpublisert](#)

Tallenes tale

Følgere
60

Totalt antall
besøk
750

Totalt
antall
unike
besøk
155

Antall
som
har
fullført
lista
8

T-tur Gloppen 2024 - for alle

[Informasjon](#) [Bilder](#) [Kart](#) [SjekkUT-statistikk](#)

[Publisert endringer](#)

[↓ Avpublisert](#)

Tallenes tale

Følgere
39

Totalt antall
besøk
5149

Totalt antall
unike besøk
1076

Antall
som
har
fullført
lista
11

MNT UNG

Planlagt ski-kveld i mars på Breimsbygda skisenter på Utvikfjellet, i samarbeid med Gloppen kommune og idrettsklubben i Breim. Mnt stilte med 3 vaksne som vakter og med-hjelparar. Dessverre vart arrangementet avlyst grunna dårleg vær og lite snø.

MNT har bidratt med å skaffe klatreinstruktørar når ulike instansar i kommunen har arrangert Open hall i Trivselshallen.

Arrangert DNT-ung camp i samarbeid med DNT Sogn og Fjordane.

MNT ung-camp 2024

MNT, i samarbeid med DNT Sogn og Fjordane, arrangerte ung-camp i Trivselskogen på Sandane 25.-26.juni 2024.

Deltakarane var ungdom i alderen 13-15 år. Campleiarane Kaja Saltkjel og Isabella Rossi hadde delteke på DNT Sogn og Fjordane sitt prosjekt «unge naturjenter», og det var deira fyrste oppdrag som campleiarar.

Frå Midtre Nordfjord turlag stillte Helge Aske, Marit Skinlo, Mai Nyborg og Trude Eimhjellen. Vi stod for planlegging av programmet, booking, innkjøp, logistikk og «vakthald».

Oppmøte var tysdag 25/6 kl 11 på parkeringsplass ved TIN-camp. Der deltakarane vart møtt av turleiarane, som hadde opprop og info om leiren.

Vi rigga oss til på TINcamp, deretter bli-kjent leikar og lunch, før vi gjekk ilag ned til klatreveggen i Trivselshallen på Sandane. Der hadde vi gjort avtale om leige av klatreutstyr frå Nordfjord klatreklubb, og ein forelder (Kristine Gustavsen Hansen), til ein av deltakarane stilte som medinstruktør i klatreveggen. Alle deltakarane, utanom ein ville prøve seg i veggen, mange for fyrste gong i ein klatrevegg. Veldig imponerende. Medan ein venta på tur var det ballspel i hallen.

Middag bestod av taco, og tillaginga gjorde vi i felleskap. Nokre kutta grønnsaker, andre steikte kjøttdeig over grua, medan andre igjen raspa ost og dekkja på langbord. Dessert laga vi av grilla marshmallows, mariekjeks og smelta melkesjokolade. Nydeleg i kombinasjon.

Seinare på kvelden vart det ballspel, kubb, teikning og kortspel. Og sjølv sagt «fritid» innimellom, med prating, fjasing og scrolling på mobilane.

Det vart etter kvart ro i leiren...planen var kl 23, men ro vart det vel ikkje før rundt midnatt.

Dag2 starta også med strålande vær! Frukost vart laga til i felleskap, og vi åt rundt kl 08. Då var det og «vaktskifte» for oss vaksne, og nye, opplagde krefter kom til.



Programmet dag 2 starta med natursti som campearane hadde laga, rundt om i Trivselskogen. Denne vart sjølvsagt premiært.

Deretter pakka ein saman leiren og deltakarane bevegde seg ned til fjorden der Nordfjord Aktiv har base. Her fekk ungdommane prøve e-foil og sup-brett på fjorden, og VR briller inne medan ein venta på tur. Det vart ein varm dag, og bading vart det mykje av.

Campen vart avslutta kl 16, med pizza ved fjorden, før deltakarane vart henta eller losa til bussen, og reiste kvar til sitt.

Vi vaksne som var med var svært fornøgdde etter desse to dagane, vi kosa oss saman med ungdomane. Og det virka som dei og hadde hatt to kjekke dagar på leir.

Flinke instruktørar, som vi håpar å kunne bruke på campar seinare.



MIDTVEKETURAR

Styret planla å starte med midtveketurar f.o.m. april 2024.

Synnøve, Bente, Katrine og Trude hadde møte og plana turmål, og var turleiarar.

Turane vart lagt til tysdagar, med oppmøte ved STIL-stova kl 1630.

Målet med turane er at ein skal ha nokon å gå på tur med, og kanskje besøke ukjende turmål ilag med andre.

At vi får med oss folk frå andre delar av verda, som er i Gloppen no, som flyktingar eller innvandrarar.

Turane skal være relativt lette, og ha ein varighet på 2-3 timar. Denne sesongen valde ein å ha nokre av T-turane, som turmål for midtveketurane.

Turane vart lagt i MNT sin aktivitetsskalender på heimesida, og publisert på FB-sida i forkant av kvar tur.

På nokre av turane knytte ein til seg lokale turleiarar som var godt kjende i det aktuelle området.

På turen til Russeholta, gjekk ein ilag med Stad gå-lag, som hadde sett opp det som eit av turmåla sine.

Tal deltakarar har variert mellom 0 og ca. 15, og som regel har vi vore 2 turleiarar.



På ein turvar det med deltakarar som er her som flyktingar, utruleg kjekt å få desse med. Bente har vore på Gloppen opplæringsenter for å presentere opplegget, og fortelje litt om utstyr, skotøy og diverse praktiske ting, som er lurt å vite noko om før ein går ut på tur. Sidan oppmøte frå denne gruppa har vore labert, må ein kanskje prøve å nå fram med info på alternative måtar neste sesong?

Turane gjekk til: Kruttfabrikken, Gapahuk Andenes, Midtresholten, Sandstøylen, Veslevatnet, Langisane, Russeholta, Røsskleivdalen, Vardebu/Daurmål, Langedalen/Arnestadstøylen, Føleide-støylen, Engeset-Fellesfjøset.



MNT SENIOR

Vi har ikkje hatt eigne seniorturar i år, men Bente Ellingvåg med fleire har vore turleiarar for midtveketurar. Der har "senior-gjengen delteke".

Årsmelding Stad gålag 2024:

Dette året har vi hatt 19 turar, ein gong i veka, med unnatak av sommar-ferien. Turane vart stort sett gjennomført som planlagd, med litt endringar grunna dårleg ver. Turen gjennom Hoplandsskaret fekk vi ikkje gjennomført grunna dårleg ver, men vi prøver igjen neste år!.



Askevika i Ålfoten

Vi har gått turane på onsdag eller torsdag ettermiddag, med avgang frå Rutebilstasjonen på Nordfjordeid, for samkøyring. Dei første turane held vi oss i låglandet, først i Løkjaåsen på Haugen og deretter til Askevika i Ålfoten. Dei lengste turane har vi gått rett før og rett etter sommarferien, slik at vi har utnytta lyse sommarkveldar



Lotsberg nibba

Dei fleste turane har vi gått i Stad kommune, men vi har også gått turar i Gloppen, Volda, Vanylven, Kinn og Bremanger




Hanekamben i kveldssol

Til saman har 300 personar vore med på tur, ein auke frå 215 i fjor. Det har vore frå 6 til over 31 stk. med på turane. Mange har vore med på eit fleirtal av turane. Vi har annonsert alle turar i MNT sin aktivitetskalender, og på Stad gålag og MNT sine Facebook-sider, med turrappport etterpå. Stad gålag har no 500 følgjarar på Facebook.



Beksiehornet i september – årets friskaste tur

Vi har hatt mange fantastiske turopplevingar i år og, og håper turdeltakarane stiller på igjen i 2025, med like flott engasjement og humør. Turane vil starte opp att etter påske. Kanskje får vi denne vinteren til ein felles trugetur?



Helsetharnet 1008 moh

UTSTYR

Utstyr på Chatlet Sandane

- Sko Damer 1 par str 24, 1 par 25 Atomic (ny)
- Sko Herre 1 par 27, 1 par 29 ,1 par 30 1 par Atomic 29
- Ski med fell 1 par 157 cm 1 par 171 cm 1 par 178 cm
- ----- Atomic 1 par 165cm og 1 par 177 cm
- Skistavar 2 delt 3 par og 3 delt 2 par
- Søkestang 4 stk
- Skredsøkar 4 stk
- Spade 4 stk
- Skihjelm 1 stk str S 3 stk str M og 2 stk str L
- Truger 1 stk 27 dame 1 stk 30
- Stavar 2 par
- Via Ferrata sele 3 stk og hjelm 3 stk

Oversikt lager Sandane

- 16 Selar bein
- 7 ----- kropp
- 25 ----- bryst
- 8 Nye hjelmar
- 5 Snø anker
- 8 Tau
- 1 Kasse seletau
- 13 Nye stegjarn (par)
- 6 Stegjarn (par)
- 7 Snøskruar
- 20 Carabin krokar
- 2 Søkestenger
- 2 Søker
- 3 Spadar
- 1 Satellitt tlf
- 1 Gps
- 13 Nye is økser pluss 3gamle
- 15 Hengekøyer
- 2 Vindsekk
- 2 Tre telt
- 1 Stor kaffikjele
- 3 Hytteskilt DNT
- 1 Kasse Opptur Stad

Lager Eid

1 rød T-tur kasse

2 esker med Opptur Stad bøker

1 Garmin Oregon 600 GPS, som eg trur BT brukar.

Alt det andre ser det ut som tilhører BT. Dei burde kanskje ta ei opptelling på alt sitt der nede.

Naustet Eid

4 kajakker

1 kano

5 padleårar

2 kanoårar

14 redningsvester

5 svamper

2 lensepumper

2 spruttrekk.

DUGNAD

Som ein del av rapporteringa til DNT skal vi sende oversikt over dugnadstimar.

Vi har hatt ca. 2 180 dugnadstimar knytt til aktivitet og 1075 dugnadstimar er blitt brukt administrativt. I tillegg kjem dugnaden til BT i Gloppen og Eid.

Som takk for hjelpa til tillitsvalde, turleiarar og dei som skiltar/merkar får kvar ei gore-tex jakke med MNT og Chatlet sin logo på, kjøpt lokalt. Jakkene blir gode å ha når vi utfører dugnadsarbeid i alt slags veir.

SKILTING/MERKING

Vi har skilta og merka ein del dei siste åra, i år har vi remerk/merka både på Eid og i Gloppen. Vi har søkt og fått midlar til utbetring av sti til Haugsvarden, og gjort ein del forberedingar. Dugnaden blir utført komande år.



TRIVSELSSKOGEN

Trivselsskogen er nasjonalt pilotprosjekt for nærturar i DNT. Vi har også i år brukt

Trivselsskogen med turpostar og arrangement. I samarbeid med Trivselsskogen arrangerte vi "Svett og Svoltet". Då var det tilbod om rundtur, eller trening på KK-flata med påfølgande grilling.

UTLÅN AV UTSTYR

Padleutstyret har blitt lånt ut totalt 58 gongar.



Turlaget lånar og ut sikringsutstyr, truger, stavar og Via Ferrata-utstyr.

Styret i MNT

Katrine Fjellestad Aske
Katrine Fjellestad Aske - leiar


Trude E. Eimhjellen
Trude Elin Eimhjellen - nestleiar

Årsmelding barnas turlag Eid

Styret i Barnas Turlag Eid har vært sammensatt slik:

Einar Andre Varvik	(2022)
Ida Malen Sørensen	(2019)
Jan Frode Kleppe Haavik	(2019, leder)
Monika Solheim	(2020)
Oda Tørset	(2021)
Reidun Vambeset	(2021)

Vi har arrangert en svampebobbing dag, en kveldsmat / kom deg ut dag, en fellestur med kveldsmat til Gildra, en Lommelyktstur, en sykkelstur og ett eventyr i skogen,



Vi har hatt 3 styremøter og holder kontakt/planlegging på Messenger og Facebook.

Arrangement	Antall deltakere
Kom deg ut dag vinter/ kveldsmat	26
Fellestur med kveldsmat	17
Sykkeltur	20
Eventyr i skogen	40
Svambebobbing	30
Lommelyktstur 2023	140
Tur til utsikten	6
Totalt	279

Eid, 2 nov. 2024, Jan Frode Kleppe Haavik (leiar).

Årsmelding Barnas Turlag Gloppen 2024

Styret i Barnas Turlag i Gloppen i 2024

- Ingunn Reikvam Ravnestad
- Stian Hansen
- Marianne Bakketun Fjellestad (leiar)
- Eirin Bakketun Sægrov
- Vegard Lilleheil
- Per Erik Finstad

Arrangement i 2024

Vi har ikkje hatt arrangement i 2024.

Turbotrimmen

Vi har hatt ute følgjande trimpostar i 2024:

- Arnestadnakken
- Rausetstøylen
- Hestenesstøylen
- Haugsvarden
- Svinestrandsvatnet
- Myra
- gapahuken i Valborgkleiva
- Kloppemyra
- Svinestranda
- Blånibba

I år fekk barna velge sin eigen premie av overskuddspremiar vi hadde på lageret. Det var mykje til overs frå tidlegare år. 60 stk leverte inn turbotrimkort. I tillegg fekk alle ein liten sjokolade.

Markedsføring

Facebook er ein viktig kanal for marknadsføring, og vi har no 626 følgjarar på sida vår. Vi når mange foreldre via Facebook, og kan linke vidare til nettsida for meir informasjon. Vi har beslutta at vi ikkje lenger henger opp plakatar. Vi har vore aktive på facebook, ved å legge ut info og bilder om turbotrimpostane etterkvart som dei har kome opp.

Styrearbeid

Vi har ikkje hatt styremøter dette året, og har hatt dialog over messenger. Vi har innsett at vi ikkje har tid og overskot til vidare arbeid i styret. Vi har utfordra nye krefter til å ta over.

Sandane, 08.11.2024

Marianne Bakketun Fjellestad

